

NVE Norges vassdrags og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Deres ref: 202112508-2
Vår ref: 2021/259600
Dato: 12.01.2022
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



UTTALE TIL SØKNAD OM UTTAK AV GRUNNVATN I BARSTADVIK TIL LANDBASERT OPPDRETT

Vi viser til brev frå NVE 15. desember 2021 vedkomande søknad om uttak av grunnvatn til landbasert oppdrett. Det er Asplan Viak AS som har utforma konsesjonssøknaden på vegne av AquaGen AS avd. Profunda i Barstadvik, Ørsta kommune. Konsulentselskapet står også bak dei hydrogeologiske undersøkingane som ligg til grunn for søknaden. Fristen for uttale er sett til 7. februar 2022.

Mattilsynet si rolle

Mattilsynet er ei statleg sektoreining som skal sikre forbrukarar trygg mat og trygt drikkevatt. I tillegg er fokuset vårt retta mot å fremme plante-, fiske- og dyrehelse, miljøvenleg produksjon og etisk forsvarleg hald av fisk og dyr. I denne saka har vi vurdert kor vidt omsynet til den lokale drikkevasskjelda blir ivareteke i planfasen.

Bakgrunn for saka

AquaGen AS ønsker å auke det maksimale uttaket av ferskt grunnvatn som skal nyttast til produksjon frå 9,7 l/s til 26 l/s (2250 m³/d). Det er planer om å ta i bruk totalt 12-14 brønner for å oppnå denne kapasiteten. Føremålet er å ha nok ferskvassforsyning til å gjere akvakulturanlegget komplett, slik at det kan produsere alt frå rogn til gyteklar stamlaks.

Ørsta kommune eig og driftar eit grunnvassforsyningsanlegg i nærleiken av dei etablerte brønnane til AquaGen AS. Verken i NGU sin brønndatabase (GRANADA) eller i Mattilsynet sitt kartsystem er det registrert private vassførekomstar som kan komme i konflikt med plantiltaket.

Innspel i høve drikkevassforsyninga

Det er vanskeleg å definere kor vidt og i kva grad ein grunnvassbrønn blir påverka av omgjevnadane, da dette vil avhenge av mange ulike faktorar. Det kjem imidlertid fram av søknaden at erfaringane frå dei tidlegare etablerte produksjons- og peilebrønnane, saman med lokale geologiske og hydrogeologiske undersøkingar, har gitt god kunnskap om grunnvassførekomsten i området. Mellom anna er det dokumentert eit stort påtrykk av grunnvatn utover mot fjorden, i nordleg retning. Basert på dette vil dei kommunale brønnane vere plassert «oppstraums» borehola til AquaGen AS. Asplan Viak meiner at påverknaden i grunnvasstanden til dei kommunale brønnane som følgje av det auka stipulerte vassuttaket vil vere ubetydeleg. I samband med

utviding av akvakulturanlegget vil det bli utarbeida plan for overvaking av grunnvassnivå og vasskvalitet.

Drikkevatt er rekna som vårt viktigaste næringsmiddel, og vassverk er sett på lista over verksemdar med kritisk samfunnsfunksjon. Med bakgrunn i dette og krava i drikkevassforskrifta må kapasiteten og kvaliteten på den kommunale vassforsyninga på ingen måte bli svekka som følge av dei nye planane for utviding av anlegget. Å sikre nok drikkevatt og sløkkjevatt til bygda må gå føre vassbehovet til ei privat verksemd, dersom det skulle bli knapt med vassressursar for ein kortare eller lengre periode.

Det er viktig at Ørsta kommune har gode tal på forbruket og kapasiteten ved drikkevassbrønnane fram til no, viss det likevel skulle vise seg i ettertid at grunnvassnivået blir redusert når dei nye brønnane blir sett i drift. Som nemnt i konsesjonssøknaden vil dette spesielt vere relevant i samband med tørre/kalde periodar. I tillegg må ein ha i mente prognosane om mogleg større klimatiske svingingar og meir ekstremvær. Det må også takast høgde for framtidig behov for etablering av fleire drikkevassbrønnar som følgje av samfunnsutvikling og endra busettingsmønster, samt skjerpa krav til leveringssikkerheit (beredskap). Partane bør vurdere å lage avtalar på retten til å ta ut vatn og kva mengde høvesvis vassverk og fiskeverksemd kan ta ut under gitte vilkår.

Mattilsynet vil i samband med det ovanneunte oppmode til god dialog og kommunikasjon mellom tiltakshavar og Ørsta kommune.

Andre forhold

I Barstadvik er grunnvassspeilet målt til 0-10 m under terreng, og vassmagasinet kan dermed karakteriserast som ope. Endeleg soneinndeling rundt AquaGen AS sine brønnar må innlemmast i kommunens kartverk og planarbeid, for å unngå etablering av forureinande aktivitetar innafor aktuelt geografisk område, jf. drikkevassforskrifta § 26.

Konklusjon

I følgje konsesjonssøknaden er den kommunale vassforsyninga vurdert og teke omsyn til i planprosessen. Det er viktig å sikre at kapasiteten og kvaliteten på drikkevassforsyninga ikkje blir svekka over tid, også dersom forbruket skulle auke i framtida. Ein føreset at akvakulturanlegget på lik line med vassverket etablerer gode rutinar for måling/dokumentasjon av vasskvalitet og grunnvasstand for å kontrollere at forholda i magasinane er stabile.

Vi oppmodar til eit godt samarbeid mellom verksemda og vassverkseigar for å sikre at interessene til begge partar blir ivareteke, også i samband med framtidig arealplanlegging, men forventar at drikkevassomsynet til bygda veg tyngst.

Med helsing

Lennart F. Berge
Seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.
Dokumenter som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Kopi til: Ørsta kommune